



SYKKYLVEN

JORDVERN STRATEGI

FOR SYKKYLVEN

Vedteke i kommunestyret 06.11.2023 (KST - 83/23).



Innholdsliste

INNLEIING	2
Bakgrunn for planarbeidet	2
Definisjonar	2
Overordna føringar	2
SITUASJONSBESKRIVING	4
Arealavgang til ulike føremål	4
Konsekvensar av å bygge ned jordbruksareal	7
JORDVERNMÅL.....	7
Hovudmål.....	7
Delmål	7
STRATEGISKE GREP	8

INNLEIING

Bakgrunn for planarbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart revidert 2020-2023 og samrøystes vedteke i kommunestyret 27.03.2023 (sak PS 16/23). Kapittel 12 i samfunnsplanen omtalar kommunen sin arealstrategi, som skal gje overordna føringar for arealutviklinga i kommunen. Konflikt mellom behovet for bustadareal og bevaring av jordbruksareal, spesielt i sentrumsområda, vart peika på som ei viktig utfordring som må handterast på ein betre måte dersom ein ønskjer å oppnå ei berekraftig utvikling som tek omsyn til både økonomiske, sosiale, miljø- og klimamessige tilhøve. I samfunnsplanen er det sett eit mål om å styrke jordvernet i kommunen.

Vedtak om å utarbeide kommunal jordvernstrategi vart gjort i kommunestyret 05.09.2022, sak PS 57/22. Jordvernstrategien skulle utarbeidast som del av ny landbruksplan.

Definisjonar

Ifølgje Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO) er jordbruksareal sterkt kulturpåverka mark med permanent vegetasjonsdekke (eng/beite) eller periodiske vegetasjonsdekke (åker). Ein skil mellom tre kategoriar av jordbruksareal (dyrka jord): fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Fulldyrka jord: Jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløedybde og som kan brukast til åkervekster eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.

Overflatedyrka jord: Jordbruksareal som er for det meste rydda og jevna i overflata, slik at maskinell hausting er mogeleg.

Innmarksbeite: Jordbruksareal som kan benyttast som beite, men som kan ikkje haustast maskinelt. Minst 50 % av arealet skal vere dekt av kulturgras eller beite-tolande urter.

Dyrkbar jord fell utanfor definisjonen av jordbruksareal. Dyrkbar jord har likevel same lovmessige vern som dyrka jord i jordlova. Ifølgje NIBIO er dyrkbar jord areal som ikkje er fulldyrka, men som ut frå eit agronomisk perspektiv kan dyrkast opp til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan vere registrert på arealtypepane overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, open fastmark og myr i arealressurkartet (AR5).

Overordna føringar

Nasjonal jordvernstrategi:

I 2015 vedtok Stortinget ein nasjonal jordvernstrategi. Strategien fremja ei rekke tiltak for å styrke jordvernet og understreka viktigheita av å ta omsyn til jordvern i all planarbeid etter plan- og bygningslova. I strategien vart det sett eit mål om å redusere den årlege omdisponeringa av dyrka jord til maks. 4000 dekar. I 2023 vart dette jordvernålet skjerpa inn til maks. 2000 daa årleg. Målet skal vere nådd innan 2030. Kommunen spelar ei sentral rolle i arbeidet med å oppfylle målsetjinga i den nasjonale jordvernstrategien.

Fylkesstrategi for landbruket i Møre og Romsdal (2023- 2026):

Det er eit mål om å behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning. Fylkesstrategien sett eit mål om å sørgje for at maksimalt 100 daa dyrka jord vert omdisponert til andre føremål enn landbruk i Møre og Romsdal per år.

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal (2021- 2024):

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal. Planen er bygd opp rund FN sine berekraftsmål og har blant anna eit mål om at Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1. Dette inneber blant anna at arealplanlegginga på land skal bidra til strengare jordvern, meir naturmangfald, sikre kulturminne og kulturlandskap og bidra til å auke karbonlagringa. Arealplanlegginga skal samordne behova for bustadbygging, næringsverksemd og transport.

Jordvernstrategi for Møre og Romsdal

Hovudmålet med jordvernstrategien for Møre og Romsdal er å sikre at landbruket i fylket har ei framtidretta utvikling, både innanfor tradisjonell produksjon og alternative næringar. Landbruket skal bidra til busetjing og verdiskaping i heile fylket utan at dette skjer på kostnad av jordvernet, og gi oss eit variert kulturlandskap. Eit av delmåla i meldinga er at verdifull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar. For å sikre eit sterkt jordvern er det nemnt følgjande tiltak:

1. Landbruksfaglege interesser må synleggjerast og kome tidleg inn i planprosessane.
2. Langsiktige føringar nedfelt i kommune- og landbruksplanar må følgjast opp av lokale og regionale myndigheiter.
3. Frådeling, omdisponering og utbygging må i hovudsak styrast mot dei minst verdifulle landbruksareala.
4. Omdisponert landbruksareal skal brukast effektivt og ha høg utnyttingsgrad.
5. Viktige landbruksareal og kulturlandskapsområde må ikkje fragmenterast.
6. Stimulere til utarbeiding av arealdifferensieringskart til bruk som hjelpemiddel i plan- og einskildsaksbehandling (kjerneområde landbruk).

Kommunal samfunnsplan

Lokalt er det kommuneplanen sin arealdel med føresegner som styrer arealforvaltinga i kommunen. Kommunedelplanar og reguleringsplanar sørger for ytterlegare detaljstyring. Samfunnsplanen gjev overordna føringar for arealutviklinga i Sykkylven. Arealstrategien i kapittel 12 inneheld eit mål om at Sykkylven kommune skal ha ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte. Dette inneber blant anna at kommunen skal utarbeide arealrekneskap, legge til rette for arealeffektiv bruk av eksisterande byggeareal og infrastruktur, styrke jordvernet og vurdere om eldre unytte byggeareal kan førast tilbake til LNF (landbruk, natur og friluftsliv).




Bilete 1: Livet i jorda.
Fotograf: Mandy Häger

SITUASJONSBEKRIVING

Sykkylven er ein viktig landbrukskommune i Møre og Romsdal. Det er registrert 14 651 daa jordbruksareal (Arealbarometer, NIBIO, 2023) i kommunen, noko som utgjer om lag 4,4 % av kommunen sitt totale landareal. Mesteparten av areala vert brukt til produksjon av grovfôr til husdyr. Mjølkeproduksjonen er framleis berebelken til landbruket i kommunen, følgt av kjøtproduksjon på storfe og sau. I 2021 var 12 004 daa jordbruksareal i aktiv drift Arealstatistikken er tilskotsbasert og tala kan difor vere noko unøyaktige. Statistikken tek blant anna ikkje omsyn til landbruksdrift som ikkje oppfyll vilkåra for å kunne motta produksjonstilskot. Om lag 15 % av det aktivt drive jordbruksarealet i kommunen er lagt om til økologisk produksjon.

I tillegg er det registrert 17 198 daa dyrkbar jord i kommunen. Dyrkbar jord er areal som per i dag ikkje eignar seg til dyrking, men som kan opparbeidast til fulldyrka jord.




Arealavgang til ulike føremål


Sidan 2005 har det blitt omdisponert ca. 688 daa til andre føremål enn landbruk i Sykkylven, av dette er ca. 199 daa dyrka jord og 489 daa dyrkbar jord. Det er spesielt i dei sentrumsnære områda i kommunen der utbyggingspresset på jordbruksareala er størst. Dette er ikkje overraskande då tettstadane gjerne vart etablert rundt dei beste areala med dyrka jord frå gammalt av. Prognosar

utarbeida av Statistisk sentralbyrå (SSB) viser ein negativ folketalsutvikling i kommunen fram til 2030. Attraktive tomter er eitt av fleire verkemiddel for å legge til rette for ei utvikling i kommunen som kan motverke prognosen for folketalsutvikling. Tilrettelegging av sentrumsnære tomter har difor vore eit mykje diskutert tema i kommunen. Ei slik utvikling vil likevel i stor grad kunne gå utover landbruksnæringa og dei beste jordressursane i kommunen. Det er såleis viktig at kommunen i større grad ser på alternative løysingar som kan bidra til positiv folketalsutvikling, samtidig som ein tek vare på jordressursane og landbruket sine behov. Auka arealeffektivitet gjennom auka fortetting og langsiktige byggegrenser kan vera ein viktig innfallsvinkel her. Utstrakt etablering av fritidsbustader og hyttefelt er ei anna utfordring som i stor grad bidreg til nedbygging av jordressursane, i hovudsak dyrkbar jord. Figur 1 viser at kommunen har hatt ein uheldig utvikling når det gjeld omdisponering av jordbruksareal dei siste åra.

Dersom landbruket i Sykkylven skal halde fram med å produsere mat og halde ved like kulturlandskapet, gje ringverknader gjennom auka foredling og omsetning må dei produktive areala skjermast mot nedbygging. Dette gjeld både dyrka mark, samt utmark med høg produksjonsevne og avgjerande verdi for husdyrhaldet. Den negative utviklinga med færre bønder og færre beitedyr har stor innverknad på kulturlandskapet. Endringsanalysen frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) viser at så mykje som 284 daa jordbruksareal kan ha forsvunne pga. gjengroing i Sykkylven sidan 2012.



Figur 1: Utvikling over omdisponert jordbruksareal (dyrka og dyrkbar jord) i perioden 2005 – 2022 (SSB).



Figur 2: Omdisponert jordbruksareal (dyrka og dyrkbar jord) til ulike byggeføremål i perioden 2014-2022 (SSB).

Gamle flybilete samanlikna med dagens situasjon gir eit inntrykk av kor mykje jordbruksareal (dyrka og dyrkbar jord) som er bygd ned.



Figur 3: Sentrumsområde 1961




Figur 4: Sentrumsområde 2018



Figur 5: Raud skraverte område er busetnad i 1961. Gult skraverte område er ny busetnad mellom 1961 og 2018.



Figur 6: Vikedalen - Blindheim 1961



Figur 7: Vikedalen Blindheim 2018

Konsekvensar av å bygge ned jordbruksareal

Jordbruksarealet i Noreg er på om lag 10 millionar dekar og dekker ca. 3,3 % av landarealet vårt. Dette tilsvarar om lag 2,2 dekar per innbyggjar. Både her til lands og i resten av verda er matjorda under sterk press. Byvekst har ført til at 1,2 millionar dekar dyrka og dyrkbar jord har blitt byggegrunn sidan 2. verdskrig berre i Noreg. Desse jordbruksareala kunne ha produsert nok mat til ca. 400 000 menneske. Tap av matjord er eit stort samfunnsmessig problem. Verdas befolkninga veks og dermed også behovet for mat. I 2050 vil vi truleg trenge 60 % meir mat enn i dag. Samstundes ser ein at verdas jordressursar forringast i stadig større fart. 1/3 del av verdas jordbruksareal er allereie middels til alvorleg forringa på grunn av erosjon, forureining, saltopphoping, jordpakking, nedbygging og ørkenspreiing. I tillegg kjem klimaendringar og avlingssvikt, mangel på vatn, naturkatastrofar og krig. Følgene kan vere ustabilitet i matmarknaden og høge matprisar. Ved matmangel vil kvart land først sørge for mat til eigen befolkning. Land som er avhengige av import kan få problem med å få kjøpt tilstrekkelege mengder mat til tross for høg betalingsevne. Jordvern er såleis ikkje noko som berre berører landbruket, men eit samfunnsansvar. Det tek om lag 1000 år å bygge opp eit par centimeter med jord.

Å erstatte jordbruksareal med god kvalitet er svært krevjande og kan i verste fall gå på bekostning av urørt natur. Storstilt nydyrking kan føre til at mange arter mister sine leveområde, noko som igjen kan føre til tap av biologisk mangfald. Om lag ein 1/3 del av det dyrkbare arealet i Noreg er kartlagt som myr. Ein rekke plante- og dyrearter har sine leveområde i myra. Mange av desse artane er allereie i dag oppført som truga på den norske raudlista. Dette gjeld spesielt mosar, karplanter, og insekt. Fleire fugleartar lever store delar av livet sitt i myra og er heilt avhengig av myr som matfat, spill og hekkeplass. Trekkfuglar nyttar myra som rasteplass i haust- og vårtrekka. I tillegg til dette har myra også mange andre viktige funksjonar. Myra verkar blant anna flomdempende og er eit lager for karbon, og spelar dermed ei viktig rolle i framtidig klimatilpassing.

Mykje av den beste jorda i Noreg er allereie dyrka opp og det tek lang tid å oppnå den same kvaliteten som gamal kulturmark. Nydyrking er såleis ingen fullgod erstatning til dyrka marka som vert omdisponert.

Jordflytting er ein komplisert prosess og ikkje alle jordtypar er like godt eigna till føremålet. Erfaringar har vist at avlingspotensialet og kvaliteten på jordsmonnet ofte vert forringa ved flytting. Dette kombinert med stort transportbehov og store kostnader gjer at jordflytting som kompensierende tiltak berre bør sjåast på som ein siste utveg og aldri bør brukast som eit argument for å omdisponere jordbruksareal.

JORDVERN MÅL

Hovudmål

Sykkylven kommune skal føre ein langsiktig og restriktiv arealpolitikk som tek vare på landbruket sine produksjonsareal, både dyrka og dyrkbar jord. Kommunen har ein nullvisjon for nedbygging av verdifulle jordbruksareal i kjerneområde landbruk.

Delmål

1. Omsynet til jordvern skal innarbeidast i alle arealplanar. Ved rullering av kommunale arealplanar skal det utarbeidast arealrekneskap.
2. Ny utbygging skal i hovudsak skje gjennom fortetting, transformasjon og meir effektiv bruk av areal innanfor allereie etablerte byggeområde. Sentrumsnære utbyggingsområde bør ha høg utnyttingsgrad.

3. Å ta i bruk dyrka og dyrkbar jord til samferdselstiltak, næring og offentlege føremål skal vere siste utveg. Alternative plasseringar skal alltid vurderast.
4. Jordbruksareal skal drivast. Kommunen skal ha ein aktiv oppfølging av driveplikta.
5. Det skal jobbast for god jordhelse og jordfruktbarheit.

STRATEGISKE GREP

Tiltak

Kunnskapsbygging

- Landbruket er ei viktig næring. Naturgrunnlaget er ein føresetnad for å kunne produsere mat til eiga befolkning. Bevisstgjerung via kommunale planar og aktiv informasjon.
- Opplæring av kommunepolitikarar i sentrale lovverk.

Berekraftig forvaltning av jordbruksareala

Generelt:

- Kommunen sin landbruksfaglege kompetanse skal involverast i alle arealplanar som berører eller grensar til jordbruksareal, dyrkbar mark eller produktiv skog.
- Store, samanhengane jordbruksareal skal ikkje fragmenterast. Dette gjeld utan omsyn til eigedomsgrensene.
- Utbyggingsområde som ikkje verte realisert gjennom fleire kommuneplanprosessar bør vurderast tilbakeført til LNF-område i ny kommuneplan.
- Anlegg av veger og offentleg infrastruktur bør ikkje føre til driftsmessige ulemper for landbruksnæringa og uheldig arrondering av dyrkamark.
- Unngå område med spreidd bustadbygging i område med mykje landbruksdrift då dette kan føre til fragmentering av jordbruksareal og ulemper knytt til rasjonell drift.
- Ved realisering av reguleringsplanar og saker som inneber omdisponering av dyrka jord skal kompenserte tiltak vurderast. Matjordlaget skal takast vare på og brukast til jordbruksføremål i nærleiken. Krav om matjordplan i samband med reguleringsplan skal takast inn i kommuneplanen sin arealdel.
- Det må jobbast mot å etablere langsiktige grensar mellom landbruksområda og tettstadene.
- Unngå nedbygging og oppdyrking av myrareal og areal med registrert viktig naturmangfald.

Lokalisering av gardshus og driftsbygningar:

- Nye gardsbygg skal som hovudregel plasserast som integrert del av eksisterande tun. Plassering på dyrka jord skal i størst mogeleg grad unngåast. Riving av gamle bygg og gjenbruk av tomt skal vurderast som alternative plasseringar.
- Behovet for meir enn eit bustadhus på gardsbruk i aktiv drift må dokumenterast av søkjar. Behovet må vurderast med bakgrunn i bruksstorleik og faktisk produksjonsomfang på søknadstidspunktet.
- Oppføring av meir enn eit bustadhus på bruk som er ute av drift eller har eit svært avgrensa ressursgrunnlag skal som hovudregel ikkje tillatast.
- Restriktiv praksis til frådelling av bustadhus nummer 2 på landbrukseigedomar. Frådelling av bustadhus nummer 2 kan berre tillatast dersom (1) det ikkje er behov for kårustad på eigedomen i framtida, (2) bustaden ikkje ligg på tunet, (3) frådelinga kan skje utan store ulemper for resteigedomen.

Bruksrasjonaliseringar:

- Frådeling av tun kan vurderast dersom restarealet vert selt som tilleggsjord til ein anna landbrukseigedom. Frådelinga skal fører til ei god bruksrasjonalisering.
- Restarealet skal seljast til eit aktivt bruk i nærleiken/ nabobruk.
- Frådelt tun skal ikkje inkludere jordbruksareal. Storleiken på frådelt tomt skal avgrensast til maks. 2 daa.
- Driftsbygningar skal som regel følgje med tilleggsjorda.

Tilleggsnæringar:

- Gardsrelatert tilleggsnæring må ikkje vere til vesentleg ulempe for omkringliggande eigedomar. Verksemda må vere knytt til landbruksdrifta på eigedomen.
- Bruk av bygningar til verksemd utover det ein kan definere som gardsrelatert tilleggsnæring tillatast som hovudregel ikkje i LNF- område.
- Ved etablering av publikumsretta verksemd skal ein forenkla mobilitets- eller trafikkanalyse leggst ved søknaden.

Driveplikt:

- Aktiv oppfølging av driveplikta og kravet om ti-årige jordleigeavtaler.
- Restriktiv haldning til varige fritak frå driveplikta. Fritak frå driveplikta kan berre gjevast dersom (1) arealet er av liten betyding for framtidig matproduksjon, (2) arealet er av liten betyding for kulturlandskapet, (3) det er eit mindre areal med liten avkastningsevne, (4) det ikkje er behov for tilleggsjord i området, (5) søkjaren sin livssituasjon tilseier det.
- Stimulere til jordleigetilhøve som gjev minst mogleg transport.
- Starte «jordleigebørs», dvs. formidle informasjon om ledige jordbruksareal til leige.

Konsesjonslova:

- Unngå at landbrukseigedomar vert fritidseigedomar gjennom aktiv bruk av konsesjonslova.
- Vilkår om personleg buplikt, spesielt i område med nedgåande folketal.

Massedeponi

- Utarbeide strategi for massehandtering og lokalisering av framtidige mottak og mellomlagringsplassar for overskotsmasse. Det bør vere eit mål om å etablere færre og større massedeponi som kan vere opne for fleire entreprenørar, utbyggjarar og privatpersonar.
- Ved lokalisering av areal for mottak av overskotsmassar skal det takast omsyn til miljø, jordvern, samfunnsikkerheit og lokalsamfunnet.
- Overskotsmassar som produserast i kommunen bør i størst mogleg grad brukast lokalt.

Jordhelse

- Stimulere til drenering av vassjuk jord.
- Arrangere fagmøte om agronomiske og tekniske løysningar (t.d. køyretidspunkt, lufttrykk og maskinvekt, teknisk utstyr, kalking og tilførsel av organiske materiale) for å redusere skader på jordstrukturen.

